

# - Mobbing føregår også i barnehagen

**Me kan ikkje berre snakka om vennskap, me må også våga å snakka om mobbing i barnehagane.**

Av Anne-Lise Nordpoll

anne@strilen.no

Det var bodskapen då Blåklokka barnehage og Meland kommune denne veka arrangerte eit anti-mobbeforedrag for tilsette og foreldre i barnehagane.

## 12 prosent trivst ikkje

– Me veit at ikkje alle barn har det så godt i barnehagen. Undersøkingar viser at 12 prosent av norske barnehagebarn ikkje trivst. Mobbing er ei av årsakene til det, sa Lou Cathrin Norreen frå Foreldreutvalet for barnehagar.

Ho har jobba rundt 30 år i og med barnehagar. Og i løpet av to timer snakka ho om korleis mobbing føregår i barnehagen, og korleis ein kan avdekka, førebyggja og stoppa mobbinga.

Å snakka om slik mobbing er eit omstridt og sårt tema. Enkelte meiner det vert feil å bruka mobbebegrepet blant så små barn fordi dei yngste ikkje nødvendigvis handlar av vond vilje - eller veit at dei mobbar.

– Men det er naivt å tru at det ikkje føregår mobbing i barnehagen. Forskinga viser at det skjer, og me i det nasjonale foreldreutvalet vert kontakta av foreldre som er djupt fortvila fordi deira barn har opplevd det, sa Norreen.

## Å bli krenka

Ho definerte mobbing i barnehagen som handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenker barn si oppleveling av å høyra til og å vera ein betydningsfull person for fellesskapet.

– Når barn vert krenkte igjen og igjen, så er det mobbing, sjølv om det ikkje er ei bevisst vond handling frå andre barn, sa Norreen.

Ho sa at det er to ting som er viktige for barn i barnehagen. Det eine er at dei kan kjenna seg trygge og vera ein del av fellesskapet, og det andre er leiken. Det å stadig oppleve at ein blir halden utanfor eller avvist, gjer noko med sjølvkjensla og sjølvtilletten. Og mobbing set djupe spor.

– Psykiske lidingar er truleg Norges mest kostbare liding. Det er ein samanheng mellom psykiske lidingar og mobbing. Det er viktig å ta tak i mobbinga tidleg, sa Norreen.



**SÅRT TEMA:** Lou Cathrin Norreen frå Foreldreutvalet for barnehagar opplever at mobbing i barnehagar er eit sårt tema.

## Viktig å observera

Ho fortalte også om ein tankevekkande situasjon som ein norsk forskar vart vitne til i ein barnehage. Forskaren var der for å observera relasjonane mellom barna og leiken, og fekk sjå korleis ei 5 år gammal jente strevde for å verta med. Frå ho kom om morgonen og fram til lunsj observerte forskaren at ho 6-7 gonger spurte andre born om ho kunne få vera med å leika, men ho vart avvist kvar gong. Ho vart avvist med eit tvert nei, eller stygge blikk frå dei andre barna.

– Etter lunsj prøvde ho igjen. Ho gjekk bort til ein gut som sat åleine og leika, og spurte om ho kunne få vera med, men fekk eit tydeleg nei. Då vart ho rasande, og slo guten. Så kom dei vaksne stormande. Dei hadde fått med seg at jenta slo, men ikkje alt som hadde skjedd før på dagen. Guten fekk trøyst, og jenta fekk kjeft. Medan dette skjedde samla dei andre barna i barnehagen

seg i ein ring rundt dei. Då vart jenta endå meir frustrert, og kasta sand rundt seg. Dermed trekte dei andre barna seg endå meir unna.

Den historia gjorde tydeleg inntrykk på mange barnehage-tilsette i salen.

– Å leika er veldig viktig for barna. Det er gjennom leiken dei lærer, og det å bli utestengt frå leiken skaper frustrasjon, sa Norreen.

## Teikn på mobbing

Det at nokon blir utestengt frå leiken er i følge Norren ein av tinga som kjenneteiknar mobbing blant små barn. Men sjølv om eit barn blir utestengt, er det ikkje sikkert at dei barna som stengjer ute gjer av vond vilje. Det er også slik at nokre barn strevar med å komma inn i leiken. Dei har kanskje ikkje lært seg den rette strategien, og blir avviste fordi dei gjer ting på feil måte. Då har me vaksne eit an-

svar for å hjelpe dei og læra dei strategiane, sa Norreen.

Ho lista også opp ein del andre teikn vaksne kan sjå etter for å oppdaga mobbing blant små barn.

Blant anna om barnet ofte opplever at eigedelane deira blir øydelagte eller gøynta av andre born. Om ein kan sjå elles får høyra om slåing, dytting og lugging, eller at bornet vert erta, ledd av eller kalla sårande ting. Dette kan vera vanskeleg å oppdaga fordi det gjerne skjer når dei vaksne er utanfor rekkevidde.

## Aktiv og tett på

Norreen råda dei tilsette i barnehagane om å vera tett på barna og sjå etter slike teikn.

– Dei vaksne må vera aktive, varme og engasjerte, bry seg og sjå kvart enkelt, sa ho.

Ho la også vekt på at leiinga i barnehagen må jobba aktivt for å fremja respekt og toleranse

mellom borna og eit godt miljø mellom dei tilsette. Det er også viktig for kontakten med borna at dei tilsette har ein god tone med foreldra.

– Skal du få barnet sin tillit, så må du først få foreldra sin tillit, sa Norreen og minna om det kjente ordtaket «Det trengst en hel landsby for å oppdra et barn».

– Alles barn er alles barn. Me har eit felles ansvar for at vårt barn og dei andre barna i miljøet rundt oss har det godt, avslutta ho.

Lurer du som foreldre på noko om mobbing kan ho anbefala å besøka nettstaden Nullmobbing.no, ein nettstad som er utvikla for å gje informasjon til barn, unge og foreldre om temaet. Har du barn i barnehage og lurer på noko om mobbing i barnehagane, så kan du også kontakta Foreldreutvalet for barnehagar direkte.